

Frå barnet sitt vindaug

Prosjektet handlar barnevernstenesta si oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking og prosessarbeidet knytt til å styrke føresetnadene for tilbakeføring der det kan vere mogleg.



Hovudmål

Hovudmålet er å sikre best mogleg oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking og vidare styrke midlertidigheitsperspektivet i omsorgsovertaking som tiltak.

Prosjektet har utvikla ein modell for prosessarbeidet etter omsorgsovertaking. Modellen inneheld malar og samtaleverktøy som skal bidra til å sikre ei god og målretta oppfølging av barn og foreldre, der regelmessige evalueringar og vurdering av spørsmål om tilbakeføring inngår. Malane skal bidra til å sikre eit godt grunnlag for dei belastningane og vurderingane som skal gjerast.

Hovudinnhald og aktivitet i prosjektet framover

- Sikre implementering av malar og verktøy i omsorgsavdelingane
- Sikre implementering av «Veien videre», ei strukturert samtalerekke til foreldre etter flytting
- Tilpasse malar og verktøy til prosessarbeid kring fosterheim som hjelpetiltak (§3.2)
- Utvikle forslag til tiltak etter vedtak om tilbakeføring for å sikre ein god og gradvis gjenforening
- Integrere og foredle Landsbykonseptet som ei felles fagleg forståing i FBV for å sikre systemisk oppfølging av familiar med fosterheim som tiltak
- Overføre grunnforståing og prosessarbeid til undersøking og tiltaksarbeid
- Følgjeforskning gjennom masterprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen

Vil du vite meir?

Ta kontakt med

Lita Havnevik Erstad, prosjektleiar på e-post: Lita.Erstad@oygarden.kommune.no

Hege Gundersen, barnevernsleiar på e-post: hege.gundersen@oygarden.kommune.no

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Askøy og Øygarden barnevernteneste og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland.

Andre viktige samarbeidspartnarar: Familie- og rettleiingssenteret i Øygarden kommune og Ressurscenter for vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS)

[Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida til Statsforvaltaren.](#)